



Tore Nesse
Hundvin
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3835 - 14/20473

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2014

Gbnr 56/12 Hundvin. Nærare om samanhengen mellom privatrettslege og offentlegrettslege reglar.

Syner til møte kommunen der spørsmålet om kvifor det ikkje vart gjeve løyve til dele frå tomt 1, slik det vart søkt om frå dykk, vart diskutert. De ønskte då at kommunen kunne gje ei orientring om kva reglar som gjeld.

Spørsmålet om deling vart handsama administrativt og det vart gjort slikt vedtak:

VEDTAK:

- Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) jamfør §26-1 vert det gjeve løyve til å dele frå tomt 2, slik det er søkt om, og synt på kartet. Tomta er om lag 1000m² og skal nyttast til fritidsbustad.
- Med heimel i det same lovgrunnlaget, vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå tomt 1.
- Med heimel i § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan, til å dele frå tomt 1. Dette er 1000m² tomt i LNF-område med føremål fritidsbustad.
- Med heimel i jordlova §12 vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 1000m² skogsmark til tomt 1.
- Deling av tomt 2 må vere gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, dersom ikkje løyvet til deling skal falle vekk, jf. Pbl §21-9.

Det vart såleis gjeve løyve til den eine tomte, men ikkje til den andre.

Det er fleire grunnar til dette – som kjem fram i saksutgreiinga, men som vert teke opp att her:

- Området der tomte ligg er LNF- område
- Det er ikkje andre tomter for fritidsbustad på den sida av vegen
- På andre sida av vegen ligg eit område sett av til fritidsbustad. Her ligg tomt 2 og difor kunne den delast frå
- Saka har vore på høyring hjå overordna mynde, og dei rår i frå at det vert gjeve løyve til deling.

I møtet vart det trekt fram at deling av tomt til fritidsbustad er del av arveoppgjer. Arveoppgjeret vart gjort for 25 år sidan.



Til dette er å seie at eit skøyte som vert utsteda gjeld privatrettslege tilhøve. Slike privatrettslege avtalar kan ein gjere fritt, men eventuelle vilkår – t.d. om at det skal skiljast ut tomter til dei arvingar som ikkje får landbrukseigedommen – kan ikkje realiserast før etter at offentlege styresmakter har gjeve løyve. Styresmaktene må handsame slike søknader om deling etter dei reglane som gjeld for alle delingssaker. Dersom vilkåra for å gje løyve til deling ikkje er til stades, vert søknaden avslått. Dette gjeld og om det står i eit skøyte at ein part skal få utskilt ein tomt.

Det og slik at gjeldande arealplan overstyrer privatrettslege avtalar. Gjeldande arealplan er LNF, og berre tiltak knytt til landbruk er tillatt.

I det tilfellet som ligg føre her, var vilkåra til stades for å dele frå tomt 2, medan tomt 1 var plassert slik at deling ikkje kunne gjennomførast.

Partane har klagerett, men den gjeld berre i tre veker frå det tidpunktet ein får melding om vedtaket. Dersom de vil klage, og fristen nyleg er gått ut, kan de be om utsett frist og sende klagen så snart som mogeleg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Nesse

Hundvin

5956

HUNDVIN